

Søknad om parkeringsløyve for forflyttingshemma

Opplysningar om søker		
Etternamn:	Førenamn:	Fødselsnr. (11 siffer):
Kjønn: Mann ☐ Kvinne ☐	Telefon privat:	Mobil:
Adresse:		Postnummer og -stad:

Søknaden gjeld	
☐ Som førar av motorvogn ☐ Som passasjer Førarar må leggja ved kopi av gyldig førarkort. NB! Du kan bare søka som førar eller passasjer. Køyrrer du sjølv, må du søka som førar.	
Har du parkeringsløyve frå før? ☐ Ja ☐ Nei	Hvis ja, oppgi utløpsdato (gyldig til):
Har køyretøyet ditt rullestolheis eller skinner? ☐ Ja ☐ Nei Hvis ja, legg ved dokumentasjon (f.eks. frå ombygger/leverandør av bil, bilder der registreringsnummer viser)	
Kor langt klarer du å gå utan hjelpemiddel?	
Gir du Hå kommune løyve til å innhenta ytterlegare opplysningar frå lege/behandlar viss me har spørsmål rundt søknaden din? ☐ Ja ☐ Nei	

Konkrete stader der du opplever vanskar med å parkera på ordinære parkeringsplassar:	Antall gonger pr. år/mnd/veke:
Bustad/Arbeid:	Adresse: Kor ofte:
Lege:	Adresse: Kor ofte:
Sjukehus:	Adresse: Kor ofte:
Fysioterapeut/Trening/Anna behandling:	Adresse: Kor ofte:
Nødvendige ærend eller møteverksemd:	Adresse: Kor ofte:
Annan aktivitet:	Adresse: Kor ofte:

Kvifor har du eit særleg behov for parkeringslette på desse stadene?
Skildra kva det er som gjer at du ikkje kan nytta deg av dei ordinære plassane? Skriv kort om kvar stad. (Inga medisinsk skildring– den vil stå i legeerklæringa) Bruk gjerne eige ark:

Underskrift av søker	
Underskrift:	Stad, dato:
Send utfylt skjema med bilde og legeerklæring til: Hå kommune, servicetorget, Rådhusgata 8, 4360 Varhaug	

Rettleiing til søknad om parkeringsløyve for forflyttingshemma

Vilkår for tildeling

Det er to grunnvilkår som må vera oppfylte for at ein søknad om parkeringsløyve kan innvilgast:

- 1. Søkaren kan ikkje gå i det heile eller har store vanskar med å bevega seg over noko lengde.** Gåevna og graden av forflytningshemminga skal dokumenterast gjennom legeerklæringa. Saksbehandlarar vil sjå på legeerklæringa i samanheng med søkaren si eiga forklaring. Legen skal gjere ei sjølvstendig vurdering av søkaren si forflytningsevne. Legeerklæringa må vere oppdatert, slik at ho gir eit reelt bilete av gjeldande tilstand.
- 2. Søkaren må ha særskilt behov for parkeringslette på konkrete stader.** Behovet for parkering må skildrast i søknadsskjemaet av søkaren sjølv. Søkar må skildra dei utfordringane han/ho har ved parkering på dei konkrete stadene som er oppgitt. Behov som trening og behandlingar må kunne dokumenterast med anten utsegn frå behandlar/treningsstad, timekort, kvitteringar eller liknande. Dersom du har særskilt behov for parkering i andre kommunar, skal også dette skildrast.

Kommunen vurderer om søkaren vil oppnå parkeringslette på stadene søkaren har oppgitt å ha behov for parkering ut frå den skildra forflytningsevna.

Dersom det blir søkt om parkeringsløyve som passasjer, må også eit tredje vilkår vere oppfylt:

- 3. Søkaren har behov for jamnleg hjelp av førar utanfor motorvogna.** Behovet for jamnleg hjelp blir vurdert med grunnlag i legeerklæringa og søkaren si forklaring. Det er berre dersom ein forflyttingshemma person ikkje kan etterlatast åleine eller saman med andre, medan føraren parkerer på ein ordinær plass, at dette vilkåret blir rekna som oppfylt.

Kommunen gjer ei heilskapleg vurdering av søkaren sitt behov for parkeringsløyve.

Parkeringsløyve er ikkje meint som ei økonomisk støtteordning. Kostnader knytta til bruk av motorvogn eller parkering blir derfor ikkje vektlagde ved vurdering av søknaden. Det blir heller ikkje vektlagt om søkaren får støtte til motorvogn, har behov for gratis passering av bomring eller ønske om fritak for piggdekkavgift.

Kommunen har ansvar for korrekt behandling av personopplysningar som blir gitt i samband med søknad om parkeringsløyve for forflyttingshemma. Opplysningane som blir gitt skal berre brukast til dette formålet, og vil bli arkiverte i samsvar med arkivlova.

Ved innvilging av søknad vil nokre av opplysningane bli utleverte til Statens vegvesen, som er ansvarleg for eit sentralt register over parkeringsløyve for forflyttingshemma (HC-registeret).

Vedlegg til søknaden:

- 1. Legeerklæring**
- 2. Passfoto**
- 3. Kopi av førarkort dersom du søker som førar**
- 4. Eventuell dokumentasjon på dei behova du oppgir å ha.** Dette kan til dømes vere ei stadfesting eller utsegn frå behandlar (fysioterapi o.l.), opptreningscenter, timekort osv.

Forventa saksbehandlingstid

Søknaden vil normalt vera ferdig behandla innan tre veker. Ved eventuell klage over avslag, må lengre saksbehandlingstid påreknaast hjå klageorganet.

Legeerklæring –til søknad om parkeringsløyve for forflyttingshemma

Opplysningar om pasienten		
Etternamn:	Førenamn:	Fødselsnr.:
Adresse (vei/gate):		Postnummer og -stad:

Dersom pasienten er førar av bil, må legen ha vurdert om pasienten framleis bør ha førarkort (jf. Helsedirektoratets forskrift av 13. juli 1984). Er dette vurdert : Ja ☐ Nei ☐

Det er pasienten sin manglande evne til å ta seg fram og tilbake til parkeringsplass, som er det medisinske grunnlag for pasienten sin rett til parkeringsløyve. Legeerklæringa er ikkje einaste grunnlag for vurdering av om pasienten bør få parkeringsløyve. Søkar må sjølv gjera greie for forhold som fører til særleg behov for parkeringsløyve.

Bakgrunn for søknad om forflyttingshemming																	
Årsak til forflyttingshemming (Me ber deg om å forklara eventuelle faguttrykk på norsk):																	
Brukar pasienten nokre av følgande hjelpemiddel? Anna: <table border="0" style="width: 100%;"> <tr> <td>☐ Rullestol</td> <td>Dagleg ☐</td> <td>Kvar veke ☐</td> <td>Av og til ☐</td> </tr> <tr> <td>☐ Rullator</td> <td>Dagleg ☐</td> <td>Kvar veke ☐</td> <td>Av og til ☐</td> </tr> <tr> <td>☐ Krykker</td> <td>Dagleg ☐</td> <td>Kvar veke ☐</td> <td>Av og til ☐</td> </tr> <tr> <td>☐ Stokk</td> <td>Dagleg ☐</td> <td>Kvar veke ☐</td> <td>Av og til ☐</td> </tr> </table>		☐ Rullestol	Dagleg ☐	Kvar veke ☐	Av og til ☐	☐ Rullator	Dagleg ☐	Kvar veke ☐	Av og til ☐	☐ Krykker	Dagleg ☐	Kvar veke ☐	Av og til ☐	☐ Stokk	Dagleg ☐	Kvar veke ☐	Av og til ☐
☐ Rullestol	Dagleg ☐	Kvar veke ☐	Av og til ☐														
☐ Rullator	Dagleg ☐	Kvar veke ☐	Av og til ☐														
☐ Krykker	Dagleg ☐	Kvar veke ☐	Av og til ☐														
☐ Stokk	Dagleg ☐	Kvar veke ☐	Av og til ☐														
Gangdistanse til pasienten utan hjelpemiddel på ein vanleg dag; _____ meter	Gangdistanse til pasienten med hjelpemiddel på ein vanleg dag; _____ meter																
I kva grad vil den generelle tilstanden forverrast ved stadig å gå denne distansen?																	
Treng pasienten: (Må fyllast ut dersom pasienten ikkje køyrer bil sjølv) Ledsager/ støtte? Ja ☐ Nei ☐ Konstant tilsyn? Ja ☐ Nei ☐ Viss ja, skildra kvifor?																	
Kva er det som gjer at pasienten ikkje kan nytta ordinære parkeringsplassar?																	
Prognose for pasienten si forflyttingshemming:																	
Oppgi eventuelle andre forhold som kan ha innverknad på søknaden. (For eksempel om forskjellar i gangdistanse på forskjellige årstider, om pasienten har stor variasjon i evna til å gå på «gode» og «dårlege» dagar, om pasienten ofte er til kontroll/behandling.)																	

Underskrift av legen	
Stad, dato: Legen si underskrift:	Legens stempel (navn, adresse og telefonnummer):

Rettleiing til legeerklæring

Innleiing

Denne rettleiinga er utarbeidd som støtte for lege der det skal utformast legeerklæring til søknad om parkeringsløyve for forflytningshemma.

Vilkår for tildeling av parkeringsløyve

For at søkaren skal få innvilga parkeringsløyve for forflytningshemma, må to grunnvilkår vera oppfylte:

1. Søkaren må vera forflytningshemma (ikkje kunna gå eller ha problem med å bevega seg over noko lengde).
2. Søkaren må ha eit særskilt behov for parkeringslette.

Det er legen som skal vurdera vilkår nr. 1. Kommunen vurderer vilkår nr. 2. Vilkåra er kumulative, det vil seie at begge må vera oppfylte for at løyve innvilgast. Legens vurdering overprøvast ikkje av kommunen, men kommunen kan innhenta ei supplerande medisinsk vurdering dersom kommunen ser det som nødvendig. Kommunen kan også leggja vekt på endra forhold frå søknadstidspunktet til behandlingstidspunktet.

Kommunen vurderer om søkaren vil kunna oppnå parkeringslette på dei konkrete stadene søkaren oppgir, i samanheng med den skildra forflytningsevna. Kommunen gjer altså alltid ei vurdering av dei to vilkåra sett i samanheng.

Dersom pasienten søker om parkeringsløyve som førar, skal legen bare skildra pasienten si forflytningsevne og gi tilhøyrande informasjon. Dersom pasienten skal søka som passasjer, må i tillegg eit tredje vilkår vere oppfylt:

3. Søkaren må ha behov for jamnleg hjelp av førar utanfor motorvogna.

Dette vilkåret skal også vurderast av legen når pasienten søker som passasjer. Kommunen overprøver heller ikkje denne vurderinga, men kan også her innhenta ei supplerande medisinsk vurdering.

Legeerklæringa - innhald og funksjon

Legen skal skildra pasienten sine forflytningsutfordringar. Diagnose skal nemnast i legeerklæringa, men diagnosen i seg sjølv er ingen tilstrekkeleg skildring av forflytningsutfordringane, med mindre desse er heilt openbare, som f.eks. søkarar som sit permanent i rullestol eller liknande.

Dersom diagnosen ikkje er knytt til pasienten sitt rørsleapparat, må det skildrast nøye korleis og i kva grad den aktuelle diagnosen påverkar pasienten si forflytningsevne. Skildringa må gjerast på ein slik måte at ikkje-medisinsk personell kan forstå den.

Legen skal gjera ei sjølvstendig vurdering og observasjon av pasienten si rørsleevne. Legen skal naturlegvis ha ein dialog med pasienten om dette, men det er viktig at ein

ikkje bare gir att pasienten si oppleving av si eiga rørsleevne. Det er legen si vurdering av forflytningsevna som må leggest til grunn.

Dersom pasienten har nokre gode og nokre dårlege dagar når det gjeld forflytningsevna, slik at gåevna varierer mykje, er det viktig at legen prøver å anslå kor stor del av dagane som normalt er gode og dårlege. Dersom pasienten si forflytningsevne varierer på denne måten, bør legen angi lengdemeter på både dei gode og dårlege dagane. (Eksempelvis: Pasienten kan gå opp til 300 meter samanhengande på gode dagar, og maks 50 meter samanhengande på dårlege dagar. Dårlege dagar kan førekome minst tre gonger i veka).

Det skal vidare kryssast av for om pasienten nyttar hjelpemiddel. Her skal ein også kryssa av for kor ofte dei blir nytta og skildre korleis forflytningsevna er ved bruk av desse. Dersom pasienten ikkje nyttar hjelpemiddel, må det skildrast om søkaren ville ha hatt nytte av hjelpemiddel og korleis forflytningsevna ville vore ved slik bruk. Alternativt må legen skildra kvifor pasienten ikkje vil ha nytte av hjelpemiddel.

Som tidlegare nemnt skal legeerklæringa vera grunnlaget for å sikra at vilkår nummer 1 (og vilkår nummer 3 dersom ein søker som passasjer) er oppfylt. Idet det er eit ytterlegare vilkår som må vera oppfylt, er det for øvrig ingen automatikk i at pasienten får tildelt parkeringsløyve sjølv om dette eine vilkåret er oppfylt. Det er derfor viktig at legen informerer pasienten om at det er kommunen som skal vurdera vilkåret som er knytt til søkaren sitt behov for parkeringslette, og ikkje legen. Pasienten oppgir sjølv informasjon som dannar grunnlaget for denne avgjerda i søknadsskjemaet til kommunen.

Særskilt om pasient som søker parkeringsløyve som førar

Dersom pasienten søker som førar må legen vurdera om pasienten framleis oppfyller vilkåra for å ha førarkort. Søkaren må leggja fram kopi av gyldig førarkort til kommunen ved søknad om parkeringsløyve.

Særskilt om pasient som søker parkeringsløyve som passasjer

Dersom pasienten søker som passasjer må legen vurdera om pasienten kan venta på bestemmelsesstaden medan førar av motorvogna parkerer denne på ein lovleg parkeringsplass. Det skal vurderast om vedkommande treng «jamnleg hjelp av førar utanfor motorvogna». Med «jamnleg hjelp» meinast tilnærma konstant behov for tilsyn, som inneber at pasienten til dømes ikkje kan etterlatast åleine medan førar parkerer køyretøyet på ein ordinær/lovleg parkeringsplass. Døme på slikt tilsynsbehov kan vere ved kognitiv svikt, psykisk utviklingshemming, demens, afasi eller annan svekking av sansane, og også andre sjukdommar der ein utan førevarsel kan få eit alvorleg illebefinnande. Born inntil ein viss alder reknast også å trenge slikt tilsyn.

Det at passasjeren treng hjelp til å gå ut av bilen og må bli følgd inn til bestemmelsesstaden (typisk «levande støtte») er i seg sjølv ikkje nok til at dette vilkåret vil vere oppfylt. I slike tilfelle vil den såkalla av- og påstigningsmetoden kunne nyttast. Regelen følgjer av trafikkreglane § 1 bokstav k, der det er fastsett at kortast mogleg stans for av- og påstigning ikkje reknast som parkering. Det er under same

regel tillate for ein førar å følga nokon som treng hjelp inn til bestemmelsesstaden, utan at dette reknast som ei parkering i strid med eventuell regulering. På denne bakgrunnen er det derfor ikkje tilstrekkeleg at legen bare skildrar eit behov for hjelp til og frå bestemmelsesstaden. Legen må vurdere pasienten sitt generelle behov for jamnleg hjelp av førar, og om pasienten kan venta åleine medan motorvogna blir parkert.

Kontakt med kommunen

Søkaren blir bedt om å kryssa av for om kommunen kan kontakta legen for nærare informasjon om forhold knytt til parkeringsløyvet. Dersom søkaren har tillate dette, kan kommunen ta kontakt for å få nærare utdjuping av forflytningsutfordringane eller behovet for jamnleg hjelp. Kommunen kan også be om forklaring av omgrep ein treng nærare forklaring på og så vidare. Kontakt kan vidare vere aktuelt i samband med vurderinga av om det er nødvendig å innhenta ei supplerande medisinsk vurdering.